

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

31.01.2020



Studentuttale til periodisk tilsyn med
Høgskulen i Voldas systematiske kvalitetsarbeid

2. Kort informasjon om Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er heimla i universitets- og høyskoleloven § 4-1, og har som oppgåve å ivareta studentane sine interesser og er høyringsinstans i saker som angår studentane ved Høgskulen i Volda. Studentparlamentet er også bindeledd mellom HVO, studentorganisasjonar, tillitsvalde og den kvardagslege student.

2.1 Oppbygging av Studentparlamentet

Studentparlamentet (SP) er det øvste organet til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda. SP består av 11 faste medlemmar og 11 varaer frå dei 4 ulike avdelingane ved Høgskulen i Volda (HVO). 2 vert valde frå kvar avdeling, medan 3 av dei 11 er frie mandatar for å utjamne skilnadar i storleiken mellom dei ulike avdelingane ved HVO. Studentane vert valde ved urneval i september, og vert valde for eit studieår. SP har møter minst 7 gongar gjennom studieåret, 3 på hausten og 4 på våren.

Arbeidsutvalget (AU) er valde av SP, og har ansvar for den daglege drifta av SP. AU er sett saman av 5 studentar i honorerte verv (leiar, velferdsansvarleg, fagansvarleg, internasjonalt ansvarleg og informasjonsansvarleg). Leiar er honorert tilsvarande ei 50 % stilling, medan dei andre har mindre honorar på 3000 kr i månaden. I tillegg har SP ein organisasjonskonsulent i 75 % stilling, fast tilsett av HVO. AU innstiller på saker til SP og er mellom SP-møtene talerør og arbeidsgruppe for organisasjonen. AU står til ei kvar tid ansvarleg ovanfor SP. AU disponerer saman med organisasjonskonsulenten eit ope kontor sentralt på høgskuleområdet.

Tillitsvalde frå alle studium blir organisert av SP gjennom forumet Studentrådet. Studentrådet har møter 1-2 gongar i semesteret, og dei tillitsvalde får kurs og opplæring i rolla.

SP ved HVO er også tilretteleggjar for studentorganisasjonane og -festivalane sine forhold på HVO og legg til rette for studentaktivitet på alle nivå, utnemner styre for Fadderveka og held dialogen med dei gjennom året.

SP vert drive gjennom rammetilskot frå HVO, men er oppført som ei eiga eining i Brønnøysundregistra.

2.2. Samarbeid med Høgskulen og Samskipnaden i Volda (SiVolda)

Studentparlamentet er den formelle studentstemma inn mot HVO. I dette inngår det at SP vel studentrepresentantar til høgskulen sine råd og utval heimla i UH-lova § 4-4 om 20 % studentrepresentasjon i Høgskulen sine organ med beslutningsmynde. Studentparlamentet oppnemner også studentar til interne arbeidsgrupper, utviklingsarbeid og prosjektgrupper ved HVO, slik at studentane si stemme skal vere synleg også der.

AU har faste leiingsmøter med HVO og SiVolda ein gong i månaden.

SP samarbeider tett med dei tillitsvalde og studentane som sit i kvalitetsutval ved HVO. I følge kvalitetsystemet til HVO skal Studentparlamentet, i samarbeid med HVO, drive opplæring av dei tillitsvalde, noko vi oppfyller gjennom eit eige møte til kurs/opplæring for dei tillitsvalde i Studentrådet kvart år. Vi har også vår eiga tillitsvaldhandbok, sjå vedlegg 1.

Studentar utgjer fleirtalet i styret i SiVolda (3 av 5 medlemmar). SP vel desse 3 representantane kvart år. I tillegg samarbeidar SP tett med samskipnaden om både konkrete arrangement og utvikling av velferdstilbodet ved HVO gjennom året. SiVolda gir også rammetilskot til SP, midlar som går til velferdsmidlar til studentlag og -organisasjonar.

3. Studentane sine generelle synspunkt på kvalitetsarbeid ved HVO

Når det gjeld kvalitetsarbeidet ved institusjonen, meiner SP at HVO frå øvre hald arbeider godt med kvalitetsarbeidet og har gode intensjonar. SP opplever at HVO heile tida arbeider med å betre systemet rundt kvalitetsarbeidet for å skape eit godt system for alle. I tillegg opplever SP at HVO oppfordrar til å kome med innspel, tek nye forslag til seg, samt gir positiv respons, noko som bidreg til godt samarbeidsklima.

SP opplever at leiinga ved HVO har god kunnskap om kvalitetssystemet og veit kvar dei skal finne den informasjonen dei eventuelt skulle trenge å søkje opp. På avdelings- og instituttnivå, opplever SP at bruken av og innhaldet i kvalitetssystemet er kjent, men at det har vore nokon tilfeller av usikkerheit og samanblanding knytt til å skilje mellom studenttillitsvalde og studentrepresentantar i HVO sine kvalitetsutval. Vi arbeider også for å få eit betre system på å innhente kontaktinformasjon til dei studenttillitsvalde.

SP opplever at engasjerte studentar i HVO sine råd, styrer og utval har kjennskap til kvalitetssystemet. Når det kjem til dei studenttillitsvalde, er det tidvis varierende oppmøte i Studentrådet, og kunnskapen om kvalitetssystemet kan difor også variere blant studentane her. Studentrepresentantar i kvalitetsutvala kjenner godt til sjølve kvalitetsarbeidet, men den generelle studentmassen ved HVO har kanskje ikkje systemet tilstrekkeleg under huden til å oppleve det som naturleg å anvende det aktivt i sin studiekvardag.

4. Studentane si deltaking i kvalitetsarbeid

De studenttillitsvalgte deltek i kvalitetsarbeidet ved å ha ansvar for det sosiale studiemiljøet i klassene, men også for å være klassens tillitsperson og ta opp saker. I tillegg deltek dei i Studentrådet, som samles minst ein gong i semesteret. For å sikre at dei tillitsvalde er innforstått med kva rolla deira inneber, gjennomfører SP ei opplæring på starten av kvart haustsemester, og studentane får utdelt Tillitsvaldhandboka som vi oppdaterer kvart år (sjå vedlegg 1). Dessutan har vi workshops om korleis dei synest HVO kan forbetrast, både fagleg og miljømessig. Det blir også sett av tid til generelle spørsmål og saker dei ynskjer å ta opp. Før slike møter oppmodar vi dei tillitsvalde til å snakke med sine respektive studentar på førehand, men vi oppfattar at dette blir gjort i varierende grad.

Når det gjeld evaluering på emnenivå, er det representantane i kvalitetsutvalet som har ansvaret. På slutten av kvart emne, samtalar studentrepresentantane i kvalitetsutvalet først seg i mellom og har deretter eit møte med emneansvarleg. Det blir ført referat frå møtet som blir sendt vidare i systemet og gjort tilgjengeleg for studentane på emnet. Studentane opplever dette som ein bra måte å evaluere emna på, men presiserer at dei ikkje veit kva som blir gjort noko med eller kvifor innspel evt. ikkje blir følgt opp. Som regel får ikkje studentane tilbakemelding eller rapportar etter innlevert evaluering, med mindre det er materielle ting som blir fiksa på.

På det første SP møte hver høst velges det nye student representanter til råd, styrer og utvalg, som også går innunder kvalitetsarbeidet ved HVO.

- Læringsmiljøutvalet
- Skikkanemda
- Forskingsutvalet
- Klagenemda
- Utdanningsutvalet
- Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO)
- Internasjonalt utval

Ved å ha studentrepresentantar i alle råd og utval blir studentstemmene på høgskulen høyrde. Kvalitetsarbeid og utvikling er på agendaen i mange av desse utvala. Studentane er særleg aktive i læringsmiljøutvalet, og har annankvart år leiaren i dette utvalet. Gjennom å vere medlem i eit utval, lærer studentane mykje om høgskulen, noko som igjen kan bidra til å auke engasjementet. Studentane i dei ulike råd og utvala orienterer også om arbeidet i utvalet under orienteringssakene på studentparlamentsmøta.

Det sit dessutan studentrepresentantar i alle avdelingsråda ved HVO. Desse studentane har spesifikk innflytelse på kva som skjer på avdelingsnivå, og representerer heile avdelinga si. Her er det også mogleg at det er ein student som er leiar eller nestleiar. I tillegg har ei arbeidsgruppe arbeidd med revidering av avdelingsråda i halvanna år. I denne gruppa er det også studentrepresentantar.

AU i SP er også inkludert i kvalitetssystemet i kraft av å stå for den daglege drifta av Studentparlamentet. AU har faste møter ein gong i veka der vi også diskuterer og tek opp saker som kan bidra til å forbetre HVO sitt kvalitetssystem. I tillegg har alle fem i AU sine arbeidsoppgåver som først og fremst bidreg til å forbetre studentane sin kvardag, men også dei tilsette. AU har kort veg til leiinga ved HVO gjennom dei faste leiingsmøta ein gong i månaden, og opplever at leiinga er lydhøyr for saker AU tek opp på vegne av studentane.

5. Studentne sin tilgang på informasjon om resultat frå kvalitetssystemet

HVO nyttar arkivsystemet Public 360 som også er ope for studentar. Dette gir studentar moglegheiter til tilgang på emneevalueringsrapportar, rapportar frå studieåret, referat og andre dokument. Men det kan vere vanskeleg å finne fram i dette arkivsystemet for studentar som ikkje er kjende med det.

Kvalitetsutvalet gjennomfører eit klassemøte minst ein gong i semesteret for eit fag. Deretter blir det eit dialogmøte mellom kvalitetsutvalet og emneansvarleg. Referat frå dette møtet får studentar tilgang på gjennom læringsplattforma Canvas der den endelege emnerapporten blir lasta opp. Dialogmøta med emneansvarleg er eit godt høve for studentane i kvalitetsutvalet å ta opp innspel frå klassen/kullet. Emnerapporten er ei sluttvurdering av emnet, noko som ikkje kan endre på no-situasjonen for studentane, men gir moglegheit for systemendring på eit framtidig tidspunkt. For at studentar skal sjå og oppleve reell medverknad, kunne ei midtvegsevaluering vore ei moglegheit. Enkelte emne gjer nettopp dette, noko vi i SP opplever som positivt.

SP opplever at HVO gjer ein innsats for at det som skjer i kvalitetsarbeidet skal gjerast lettare tilgjengeleg for studentane, med t.d. større vektleggjing av at emneansvarleg følgjer opp emneevalueringa og gjer den tilgjengeleg for studentane.

SP har som tidlegare nemnt eit møte med alle tillitsvalde kvart semester, der studentane mellom anna vert gjort kjende med kvar informasjon frå kvalitetsarbeidet finst tilgjengeleg og korleis denne kan nyttast. Det er også ein kanal SP kan bruke for å dele meir generell info om kvalitetsarbeid, deltaking og resultat av undersøkingar som SHOT-undersøkinga og Studiebarometeret o.l. SP prøvar å leggje til rette for at flest mogleg av dei tillitsvalde skal delta på møter i Studentrådet, men ikkje alle tillitsvalde møter, noko som også gjer det vanskeleg for oss å sikre at all info blir vidareformidla vidare til klassen.

SP har inntrykk av at det kan vere vanskeleg for den enkelte student å sjå heile informasjonsløpet til endes. Studentane deltek på kvalitetsutvalsmøte, dialogmøte med emneansvarleg m.v., men ser ikkje heile loopen korleis avgjersler høgare opp i systemet kjem attende til studentane.

6. Studentane si oppleving av kvalitetsarbeidet

SP opplever at HVO arbeidet kontinuerleg for å heve studiekvaliteten, og at kvalitetssystemet stadig blir forbetra for å oppna dette. Vi oppfattar at engasjerte studentar som har kjennskap til systemet, samt kjenner sine rettar og moglegheiter systemet byr på, opplever å ha medverknad i kvalitetsarbeidet. Dei ser at det dei bidreg med blir del av HVO sitt heilskapsbilete. I denne samanheng ser vi at studentrepresentantane i SP, Høgskulestyret, Studentsamskipnaden i Volda, studenttillitsvalde og studentrepresentantar i råd og utval ved HVO opplever å ha relativt stor medverknad.

Når det kjem til dei andre studentane, som ikkje nødvendigvis er like aktive og engasjerte, opplever dei truleg ikkje like stor grad av medverknad. Vår erfaring er at dei ikkje heilt veit korleis dei kan nytte systemet, og dermed ikkje får fram bidraga sine. Vi meiner difor at systemet i seg sjølv i stor grad fungerer godt, sjølv om det har forbettringspotensial, men at vi må arbeide meir med å gjere det kjent blant studentane og kommunisere korleis det er forventa at studentane skal bruke det.

Det handler også om kor stor interesse kvar student har for det og kor mykje tid og krefter dei ønskjer å leggje inn for å gjere seg kjende med det. Derfor jobbar SP mykje med å profilere kva som skjer og korleis, for at studentar lettare skal sjå ting som blir gjort, kvifor det blir gjort, og kjenne seg høyrde. Vi legg også til rette for at studentane kan tale si sak gjennom oss, eller spørre om tips og på den måten styrkje studentstemma inn i kvalitetsarbeidet.

SP veit at studentane ved HVO opplever ulik grad av openheit mellom studentane og dei tilsette ut ifrå avdelig og studieprogram. Dette meiner vi også er med på å avgjere i kva grad studentane kjenner på medverknad dei har. Avdelingane som har god kommunikasjon med studentane opplever til dømes betre resultat på blant anna Studiebarometeret.

SP opplever på si side stor grad av reell medverknad, då vi er representert i råd, utval og fora både med og utan formell beslutningsmynde på mange ulike nivå ved HVO, inkludert leiingsmøta med HVO og SiVolda. Vi opplever at vi gjennom både formelle og uformelle møter får spelt inn og diskutert dei problemstillingane vi ser i kvalitetsarbeidet, samt få høve til å kome med konkrete løysingar. Vi i SP ser også at dette NOKUT-tilsynet har bidrege positivt til å belyse alle sidene ved det pågåande utviklinga av kvalitetssystemet og sjå ting i samanheng, og få fortgang i endringsprosessar til det betre.

På vegner av Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda,

Trym Nikolas Rimmen, leiar

Mathilde Gaalaas-Berg, fagansvarleg

Vedlegg:

1. Tillitsvaldhandboka